

## SAMARBEIDSAVTALE OM BARNEVERNEN I VEST-TELEMARK (BVS)

*Avtala bygger på vedtak i kommunestyra om å organisere barnevernstenesta etter kommunelova sine reglar om vertskommunesamarbeid § 28 bokstavane a, b, e, f, h, i, j og k. Avtala erstattar samarbeidsavtale om barnevernet i Vest-Telemark av 30.03.2004 og selskapsavtale om barnevernet i Vest-Telemark av 30.03.2004.*

### § 1. Vertskommune/samarbeidskommune

Kommunane Seljord, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke og Vinje skal ha ein felles barnevernsadministrasjon etter reglane i kommunelova § 28 b *administrativt vertskommunesamarbeid*. Kviteseid kommune skal vera vertskommune, og Seljord, Nissedal, Fyresdal, Tokke og Vinje skal vera samarbeidskommunar.

### § 2. Føremålet.

Samarbeidet skal utføre dei oppgåvene kommunen har jfr. Lov om barneverntjenester. Dette fråtek ikkje kommunen ansvaret den har jfr. Lov om barneverntjenester §§ 3-1 og 3-2 om førebyggjande verksemd.

### § 3. Delegasjon.

Kommunestyret i samarbeidskommunane delegerer mynde til rådmannen i sin kommune som delegerer vidare til rådmannen Kviteseid. Kviteseid kommune ved rådmannen får delegert all mynde (rettar og plikter) til utøving av Lov om barneverntjenester av 20. juli 1992 nr 100 frå samarbeidskommunane. Rådmannen i vertskommunen skal delegere mynde vidare til barnevernsleiar og stadfortredar for barnevernsleiar.

### § 4. Iverksetjing/ending/oppseiing.

Denne avtala gjeld frå 01.04.2009

Ending i denne avtala kan gjerast av kommunestyra dersom alle deltakarkommunane gjer likelydande vedtak.

Avtala er ikkje tidsavgrensa, men kan seiast opp med eitt års varsel. Oppseiinga må gjerast skriftleg etter vedtak i det enkelte kommunestyre innan 31.12.

### § 5. Personale/eining.

Personalet som i dag er tilsett i Barnevernsamarbeidet i Vest-Telemark IKS blir etter nærare avtale mellom den tilsette, kommunen og fagorganisasjon overført til Kviteseid kommune (vertskommunen) som blir ny arbeidsgjevar.

Ved tilsetting av dagleg leiar skal rådmannsutvalet takast med på råd.

### § 6. Økonomi og rekneskap.

Utgifter til administrasjon og drift av tenesta blir fordelt på kommunane i høve talet på barn i aldersgruppa 0 – 18 år pr. 01.01. året før.

Dei kostnadselementa som ligg i budsjettet til BVS budsjett 2009 vert vidareført.

Budsjettprosessen skal innleiest med eit møte i rådmannsutvalet for å sikre god informasjonsflyt mellom samarbeidskommunane og vertskommunen innan 01.10. Vertskommunen orienterer Vest-Telemarkrådet om driftsbudsjett og økonomiplan. Kommunestyret i vertskommunen vedtek driftsbudsjett og økonomiplan.

Tiltaksbudsjettet og deltakarkommunen sine løyvingar til BVS administrasjon vert behandla og godkjent av kommunestyret i den enkelte kommunen. Ved store avvik i høve til tiltaksbudsjettet skal barnevernsleiar orientere rådmannen i den kommunen det gjeld snarast råd.

Vertskommunen fakturerer akontosummar til samarbeidskommunane 4 gonger i året med avrekning ved slutten av året.

**§ 7. Disponering av overskot/underskot.**

Overskot/underskot skal ikkje gå inn i vertskommunen sitt meir-/mindreforbruk. Overskot blir avsett på fond i vertskommunen sitt rekneskap. Midlane reknast som "reservert særskilde føremål i høve til avtale" og disponerast av Barnevernsamarbeidet. Underskot må dekkast inn ved bruk av oppspart fond eller ved fordeling på dei seks kommunane.

**§ 8. Juridisk ansvar.**

Vertskommunen har arbeidsgjevaransvar for dei tilsette i BVS. Vertskommune og samarbeidskommunane sitt ansvar vil vera regulert av gjeldande lover. Kommunelova § 28 k regulerer ansvarsforhold ved statleg tilsyn med vertskommune.

**§ 9. Lokalisering/lokale**

Barnevernsamarbeidet har hovudkontor i Kviteseid. Alle kommunane pliktar å stille kontor i eigen kommune. Kontoret må vera utstyrt slik at barnevernstenesta kan utføre oppgåvene dei har i kommunen. Det blir ikkje kravd husleige av BVS for desse.

**§ 10. Organisering av arbeidet.**

Hovudkontoret er bemanna og opne 5 dagar i veka. Hovudkontoret vil til ei kvar tid ha oversikt over alle tilsette slik at ein veit når og kvar dei er tilgjengelege.

**§ 11. Informasjon til samarbeidskommunane.**

Barnevernstenesta skal orientere administrasjonen i den enkelte kommune minst ei gong i året om drifta og om vedtak som blir fatta i vertskommunen.


Årsmelding og rekneskap skal leggast fram for Vest-Telemarkrådet/ Vest Telemarktinget.


Kopi av halvårsrapportar til Fylkesmannen, årsmelding og rekneskap skal sendast til samarbeidskommunane.


§ 12. **Tvistemål.**


Tvistemål om verksemda som måtte kome mellom samarbeidskommunane, skal avgjerast ved valgift i Kviteseid i samsvar med reglane i Tvistemålslova. Valdgiftsretten skal ha 3 medlemar oppnemnd av sorenskrivaren i Vest Telemark. Rettens leiar skal vera jurist.


Dato...30.03...2009


  
Fyresdal kommune  
Ordførar

  
Kviteseid kommune  
Ordførar

  
Nissedal kommune  
Ordførar

  
Seljord kommune  
Ordførar

  
Tokke kommune  
Ordførar

  
Vinje kommune  
Ordførar